



Årsmelding 2023



ÅRSMØTE

21. mars 2024

kl. 19:00

Leikanger fjordhotel

1. Konstituering
 - Godkjenning av innkalling
 - Godkjenning av sakliste
 - Val av møteleiar
 - Val av sekretær
 - Val av to til å skrive under møteboka
2. Årsmelding og rekneskap
3. Rekneskap for 2023
4. Medlemskontigent for 2025
5. Budsjett for 2024
6. Val
7. Godkjenning av valde gruppestyrarar
8. Innkomne saker

Fotball: Tildelt midlar til innkjøp av traktor
Fotball og friidrett: Klubbhus på Syril stadion
Fotball: Midlar til å søke støtte til delar av førerkort-kostnad til minibuss
Volleyball: Volley som eiga særgruppe

Ymse

Diverse orienteringar frå AU om arbeidet vidare i 2024

Trykk:



Printfarm.no

 Sognekraft

 SIDAN 1907
Lerum

 sport 1
 Erling Røysum as
6863 Leikanger • Telefon 57 65 32 08



sparebanken
sogn og fjordane

ARBEIDSUTVALET 2023



VALDE GRUPPELEIARAR I 2023

HOVDSTYRET

Leiar Elianne Eggum
Nestleiar Karl Erik Johnsen
Kasserar Sindre Børsheim Ramung
Sekretær/styremedlem Ronny Rydningen

FRIIDRETTSGRUPPA

Leiar Torhild Brudvik
Nestleiar Marit Anita Skrede

HANDBALLGRUPPA

Leiar Olav Haugen
Nestleiar Ragnar Brevik

SKIGRUPPA

Leiar Inga Henjum Halsnes
Nestleiar Ronja Vangsnes

TRIM- OG MERKEGRUPPA

Leiar Eva Hamre
Nestleiar Ingar Hals

BARNEGRUPPA

Leiar Deta Gasser
Nestleiar Eddie Borlaug

FOTBALLGRUPPA

Leiar Birte Andersen Røysum
Nestleiar Erlend Husabø

REVISOR

Tony Borlaug
Udvin Einar Skarsbø

HYTTESTYRE SKIHYTTA

Gro Selås
Susanne Svardal

STYRINGSGRUPPA KJERINGI OPEN

Roar Vangsnes
Karl Erik Johnsen

VALNEMD

Leiar Toril Felde
Medlem Heidi Ravnstad

FRÅ STYRET

Vi fekk endeleg tilbake eit normalår i 2023, og det var full aktivitet i alle særgruppene. Vi har grupper som er store og stabile, og grupper som stadig veks, som ski- og friidrettsgruppa. I tillegg har volleyballgruppa auka betraktleg i medlemstal.

Det har vore fleire store tiltak som har vorte sett i gang i 2023, blant anna ferdigstilling av friidrettsstadion med gjerde og lys.

I tillegg må vi nemne trekket på Kleppa som eit av dei store spanande initativa som er sett i gang.

Men, det er ikkje kun det som er nytt som er bra. Vi må ikkje gløyme dei gode og faste aktivitetane våre. Kjeringi open gjekk av stabelen i strålende ver og handballgruppa arrangerte Avkast for tredje år på rad. Litt ekstra merksemd må fotballgruppa vår få, som innkasserte premie for årets beste fotballskule i 2023!

Dette var eksempel på noko av det gruppene har fått til i år. Sjå gruppene sine årsmeldingar for meir info om aktivitetane.

Økonomi og rekneskap

I 2023 fekk Syril eit samla negativt årsresultat på - kr 11.327. Ei av dei viktigaste årsakene til underskotet har vore fleire store investeringar: Friidrettsstadion (kr 2.231.000), ny Syril-buss (kr 1.186.000), rehabilitering av Kleppatrekket (kr 660.000). Alle desse tre investeringane var underbudsjetterte. Det er likevel avskrivningar på idrettslaget sine eigedelar (kr 337.000) som bikkar årsresultatet over på minus.

Samla driftsinntekter var i 2023 på kr 3.216.000 (mot kr 3.9 mill. i 2022 og kr 2.32

mill. i 2021).

Auken i kostnadane til idrettslaget held fram. I 2023 var samla driftskostnadar på kr 3.098.000 mill. (mot 2.34 mill. i 2022 og kr 1.66 mill. i 2021).

Økonomistyringa i gruppene har som tidlegare år vore god, og dei fleste gruppene oppnådde eit positivt årsresultat. I dei tilfella der årsresultatet er negativt, er det snakk om ein relativt låg prosentdel av drifta til gruppa.

Likviditeten til Syril er god, og det er derfor rom for å setje av midlar til nedbetaling av lånegjeld. Rentekostnadar kom i 2023 på kr 132.000.

Friidrettsstadion er utvida med nytt stadiongjerde og lysanlegg, og er no ferdig. Ved årsslutt var lånegjelda på anlegget kr 1.087.000. Det er venta utbetaling av MVA-kompensasjon til sommaren, og planen er å innfri gjelda då.

Rehabiliteringa av Kleppatrekket blei ferdigstilt før jul, for å kunne setjast i drift like ut på nyåret. Prosjektet fekk gåve frå Sture Husabøs legat, og det er sendt spelemiddelsøknad.

Sponsorar

Syril har fått ein ny hovudsponsor, Lerum. Frå før har idrettslaget Sparebanken Sogn og Fjordane, Sognekraft og Erling Røysum AS som hovudsponsorar. Mange takk til desse, og til dei andre sponsorane, for støtta til Syril!

Helsing Syril AU,
Elianne Eggum, Karl Erik Johnsen, Sindre B. Ramung og Ronny Rydningen

INNHALD

ÅRSMELDING SYRIL

FRÅ STYRET	4
BARNEIDRETT	6
TRIM	8
SKI	10
VOLLEYBALL	12
FRIIDRETT	22
HANDBALL	24
ÅRSREGNESKAP FOR SYRIL 2023	32

BARNEIDRETT

Vinter 2022/2023 har det vært aktivitet i barneidretten i alle tre kull (1. trinn 2016, 2. trinn 2015, 3. trinn 2014). Avtalen i alle tre kullene har vært at det er tre treninger med håndball og en trening med barneidrett i måneden til og med tredje trinn. Aktivitetene i barneidretten har variert fra den alltid populære hinderløypen, via sirkeltrening, ulike turnøvelser (stupekråke, stå på hendene, slå hjul, hoppe på trampoline), innebandy, hoppe tau og hulahop. stafetter, dans/aerobic, styrkeøvelser med terninger, og ulike gruppeleiker (hauk og due, nappe hale, katt og mus, stiv heks osv.). 2016-kullet har også vært flinke til å ha barneidrett ute, med aking, skattejakt, lommelykttur, skøyting på Kleppa og rebus på strondi. Alle tre kullene har hatt trening for jenter og gutter separat.

Vinter 2022/2023:

Trenere for G2016:

Ruthild Dale, Tone Lise Tafjord

Trenere for J2016:

på rundgang blant foreldre

Trenere for G2015:

Eddie Borlaug, Marita Sandal

Trenere for J2015:

hadde ikke barneidrett i 22/23

Trenere for J2014:

Deta Gasser, Hanne Oppedal

Trenere for G2014:

hadde ikke barneidrett i 22/23

Høst 2023 har også alle tre kullene hatt barneidrett, men det nye 1. kullet (2017) har valgt å innlemme barneidrett i håndballtreningen, ved at treningen er lagt opp med 3 stasjoner, to med ball og den tredje uten ball med ulike aktiviteter som beskrevet ovenfor. Treningene foregår da også gutter og jenter samlet, med opp mot 34 barn som deltar og rundt 6 foreldre-trenere som er i sving hver gang. Dette opplegget kan være en mulighet for andre kull framover også, men det krever at det er nok trenere som stiller hver gang, og har ulempen at en ikke kan ha andre typer barneidrett-aktiviteter slik som ake- eller lommelykttur.

Barneidrett-gruppen presiserer derfor at det bør være opp til hver foreldregruppe å avtale hva som fungerer best for dem, men at håndballgruppa i utgangspunktet bør legge til rette for at en trening i måneden kan være barneidrett. Dette for å ivareta de yngste barna som ikke er interessert i ballaktiviteter og/eller faste treninger hver uke og for å ivareta et mangfoldig idrettstilbud for de yngste barna.

For barneidrettgruppen: Deta Gasser og Eddie Borlaug



VÅRE SPONSORAR OG GODE HJELPARAR

Takk til alle våre medlemmar som stiller opp for Syril kvar einaste dag. Utan den gode dugnadsanda, så hadde vi ikkje kunne tilbydd våre barn og unge, og vaksne, eit så godt tilbud som vi har. Vi finn dykk i alle endar av klubben, og vi ynskjer å rette ein stor takk til dykk alle!

Vi har også nokre gode sponsorar som vi heller ikkje hadde greidd oss utan, og som støttar oss år etter år. Vi oppfordrar alle våre medlemmar til å bruke våre sponsorar!

**GRASROT
ANDELEN**
NORSK TIPPING

Tusen takk til dei 297 Spelarane som til saman har støtta Syril idrettslag med 165 456 kr via Grasrotandelen i 2023!



TRIMGRUPPA

Trimkort i 2023 gjekk ned frå åra før, det vart totalt selt 190 trimkort. Årsaka til nedgangen kan m.a. vere dårleg sommarvær, eller at folk ynskjer å prøve nye turar andre stader.

Det var behov for rydding på enkelte stader, og vi er heldige som har mange ivrige medhjelparar som ordnar opp med fjerning av velta tre osv.

Vi let bøkene ligge ute i kassene over vinteren og i trimsesongen vart det lagt ut nye bøker etter behov.

Vi nytta trimpostane som vi hadde i 2022, og nytta Stavatjørni i år også.

Trimtilbodet til Syril omfattar to typar klyppekort for premiering:

- Kort for dei som ynskjer å vitje alle 20 turpostane
- Kort med plass til 30 klypp (Trim 30) for dei som vil eller berre kan gå på nokre av postane, fleire gonger

Korta kan kombinerast. Kjøper du begge typane kort og vitjar dei 20 turpostane, treng du berre 10 ekstra klypp/turar for å få fullt Trim 30-kort. Vi har i tillegg lagt opp til eiga trekning for barn fødde i 2007 eller seinare blant Trim 30-kort med minimum 20 klypp (Trim 30 - junior).

Vi har i fleire år diskutert overgang til digitale løysingar, men held fram med sal av trimkort då vi ikkje ser gode nok alternativ i forhold til å ivareta breidda i trimtilbodet og moglegheit for inntekter til trimgruppa. Vi får og god hjelp til sal av trimkort og det er mange som bidreg

med å legge ut nye bøker, reparere postkasser m.m.

Inntektene frå sal av trimkort gjekk til premiar som var gåvekort på kr 1 000 for dei som har vore på alle turpostane og kr 500 for Trim 30. Både Erling Røysum AS og Små Livsgleder var med å delspone premiar slik at vinnarsjansane auka.

Volleyball og innebandy inngår også som del av treningsgruppa sin aktivitet. Desse gruppene leverer eigne årsmeldingar.

Styret i trimgruppa har vore: Eva Hamre(leiar), Ingar Hals (nestleiar) og Renate Sæle.

Vinnarane av Syril Trim 2023 vart:

Turposttrimmen 20
Frida Fykse Lomås
Teodor Gjerde Wilson
Perny Kristine Dimmen
Ola Nornes
Kenneth Lomås
Steinar Henjum
Per Høgheim
Kjell Remø
Tordis Uglum Henjum

Trim 30
Nine Stadheim
Larsl Flatabø Kleiven
Nora V. Henjum
Helga Maj Myren
Siv Merete Stadheim
Kari Kitty Stadheim
Linda Grebstad Grinde
Sigrun Orrestad
Hege N. Nornes
Sigbjørn Råsberg
Signe Lekven Volldal
Magna Vangsnes
Eva Nesse
Espen Sæterbø
Ingrid Rishovd
Dorthea R. Alisøy
Anne Liv Mæland Røysum

INNEBANDY

2023 fortsatte med litt av dei samme utfordringane som var i 2022.

Det har vore litt frafall gjennom året og oppmøte var varierende med rundt 4-8 oppmøtte på treningane i 2023.

Vi jobbar fortsatt med rekruttering og håpar på fleire faste deltakarar på treningane.

Innebandy er eit god form for trening og vi har det kjekt og sosialt.

Om ein er nysgjerrig på innebandy og kva vi driv med så er oppfordringa å komme å prøve seg eit økt og sjå om det er noko for deg. Treningar torsdagar i Saften kl 16-17.

SKI



For skigruppa var 2023 eit svært gledeleg år då Tobias Dahle og Runar Oen meldte seg som prosjektleiarar og framtidige driftsleiarar for skitrekket på Kleppa. Vi er òg svært taknemlege for at Frode Vagstad valte å stå som driftsleiar fram til dei påtroppande leiarane var klare for drift.

Det vart ein lang og fin skisesong på Kleppa med gode snøforhold store delar av vinteren. Som tidlegare år er det Bjørn Harald Røyseth, Hans Kristian Henjum, Per Bjørk, Sverre Røyseth og Per Sivert Nesdal som på dugnad legg ned mykje tid og arbeid med å halde løyper, trakkemaskina og lys i stand. Prepping av løyper kan ein få oppdatert på skisporet.no

Skihytta

I løpet av sommaren har styret i skihytta, Gro Selås og Susanne Svardal, saman med andre fått på plass nye gjerde på uteområdet for vern mot sau. Dei har vidare starta planlegging for fornying av kjøkkenet, toalett og garderobe. Etter innbrotet hausten 2023 har det òg vorte brukt tid og ressursar på reoperasjonar, rydding og to nye dører.

Førebuing til skisesongen 2024

I slutten av oktober vart det gjennomført to dugnader med rydding av langrennsløyper, slalombakken og heistrasèn på Kleppa og Øvstestølen. Vi mobilserte godt med to møter på førehand, og det var godt oppmøte begge laurdagane, totalt var det over 30 stykk som bidrog. På det meste var det ni stykk som gjekk i slalombakken med motorljå, og kjekt å sjå både små og store møte opp for ein sosial

og aktiv økt. Ein bør til neste år vurdere å gå i dialog med nokon av grunneigarane om mogelegheita til å ta toppane på nokre av dei større grantrea som hindrar snø i å legge seg i løypene.

Hausten vart òg brukt til å gjere klar skitrekket, og saman med ein dugnadsgjeng frå Syril så hyra vi inn Marek i frå Skiheispartner til å skifte ut og oppgradere nødvendige delar i trekket. Det må rettast ein stor takk til alle som har tilbrakt utallige timar i heistrasèn i haust for å få trekket klart til vintersesongen 2024, og ein spesiell takk til Jomar Leirdal og Bjørn Harald Røyseth, som saman med fleire verkeleg har stått på. I tillegg ein takk til Anders Yri som gjorde viktig vedlikehaldsarbeid ved og på trekkbua.

Skigruppa hadde elles følgjande renn- og treningsaktivitet:

Birkebeinerrennet

Birkebeinerrennet var arrangert for 83. gang 18. mars 2023. Det stilt 16 løparar med postadresse Leikanger der 13 var registert i Syril. Torun Grut vart beste SYRIL-løpar uansett alder og kjønn og kom i mål på tida 3:56:44. Sogningar frå Leikanger, Vlk, Sogndal og Luster hadde også i 2023 eigen buss og det var Eli Berge, Kåre Træen og Nils Magne SLinde som sytte for det praktiske med turen. Halvor Tjønn hadde historisk kåseri om Birkebeinarane med kobling til slagetr på Fimreite på samlinga om kvelden etter rennet.

Skikarusell

Skikarusell er eit lågerskeltilbod til barn til og med 4. klasse. Arrangementet inngår som ein del av Telenor skikarusell. Vi har òg ei bok i varmebua på Øvstestølen der borna kan skrive seg inn, og som tel som ein del av skikarusellen. Deltaking for 120kr for alle karusellane. Utdeling av startnummer skjer ved første karusell og blir samla inn etter siste. Det er premieutdeling på siste karusell, og alle som har betalt og gått minst ein gong får premie.

Det vart arrangert kioskdirft med flott dugnadshjelp frå foreldre, og karusellen vart arrangert fem laurdagar mellom kl. 10-12. Det var 114 påmeldte i 2023. Jomar Leirdal og Dagfinn Ylvisåker er leiarar for skikarusellgruppa, og har blant anna hatt med seg Joachim Holmøyvik, Torstein Jordal og Trond Gjerland.

Klepparennet som skicross

6. februar vart Klepparennet arrangert, som skicross på Kleppa. Med Simen Bækken som løypeansvarleg og rennleiarar Inga Henjum Halsnes, Torunn Grut og Ronja Vangsnes vart det laga ei morsom og variert skicrossløype på Kleppa. Det var både orgeltramp, hopp, kulekøyering, svingar og laussnøkøyering. Kjekt for store og små. Det var over 30 deltakarar i alder frå 4-16 år. Flest frå Syril, men også eit par tilreisande frå Sogndal.

Skileik

Skileiken for 1. til og med 3. klasse var populær i starten av vinteren 2023 med opp i mot 20 deltakera kvar gong. Nokre av dei eldre vel å reise til Sogndal for å delta på trening der. Trenera på skileiken for dei yngste var Ronja Vangsnes, Simen Bækken og Inga Henjum Halsnes. I 2023 hadde vi ikkje skileik for 4. klasse og oppover på grunn av låg interesse.

Syрил har per 2023 ikkje ei alpingruppe, og dei som ønskjer å trene alpint dreg til Sogndal.

Stavsete Skifest og NM i fjelltelemark

15. og 16. april arrangerte Syril Telemark, med Egil Johannes Vangsnes som leiar, Stavsete skifest i Huksdalen. Det var god deltaking både på mini-rennet for dei yngste, og på dei som starta oppe ved Stav og hadde målgang nede på Stavsete. Det var deltakera på både

randonè og telemark, både junior og senior, og påmeldte frå både Syril og tilreisande både frå folkehøgskulen og studentmiljøet i Sogndal. Det var mogelegheit for å overnatte der for dei som ville, og med tilbod om topptur søndagen.

I tillegg var Syril Telemark arrangør av både NM i klassisk telemark (som vart halde i Rindabotn) og NM i fjelltelemark (som var førsteetappen på Kjeringi Open). Totalt på Stavsete Skifest og NM var det over 70 små og store som deltok eller var funksjonærar.

Sirkeltrening

Fredagar kl 18.00-19.00 frå oktober til og mars har Torunn Grut lagt til rette for klassisk sirkeltrening for dei som ynskjer i Saften. Det kostar 100 kroner per gong eller 500 for heile sesongen. Det var vore ei lita, men stabil gruppe som har møtt opp, gjerne med ungar som leikar mens dei vaksne får seg ei treningsøkt.

Styret og undergrupper

Inga Henjum Halsnes heldt fram som leiar i 2023, saman med Ronja Vangsnes som nestleiar. Skigruppa har fleire undergrupper som er godt etablerte. Desse gruppene er Syril Telemark, Skikarusellgruppa, Løypepreparering, Skihytta og Skileik-gruppa.





Dugnad på sandvolleyballbanen i 2022

VOLLEYBALL

Året 2023 har det vært mye aktivitet i Syril Volleyball. Vi har hatt treninger både onsdager kl 19 og fredager kl 20. Oppmøtet har generelt vært veldig bra, og det er så langt registrert over 20 betalende medlemmer for sesongen 23/24, en ny rekord i senere år. Vi har både damer og menn med, med over 40 års spenn fra yngste til eldste. Volleyball er den mest spilte sporten i verden og veldig tilgjengelig – bli med!

10. Mars 2023 ble det organisert bedriftsmesterskap i volleyball i Saften, hvor volleyballgruppa hjalp til med å gjennomføre turneringen. Totalt var det med 14 lag, det var matserving, og generelt veldig god stemning blant spillere og publikum. Vinneren i år ble ungdomskolen, som vant over HVL i finalen.

I romjula gikk den årlige romjulturneringen av stabelen, hvor volleyballgruppa var involvert i både organisering og gjennomføring. Det var totalt 15 lag med, matserving, og godt med publikum. Overskuddet fra turneringen var på Kr 5500, som blir brukt til å kjøpe inn nytt utstyr til volleyballgruppa. Vinnerlaget ble Sandkassen, på andreplass Hopp og Sprett, etter en spennende finale som endte 2-1.

Volleyballgruppa organiserte og vekslinga ved skolen under årets Kjerings Open, som vanlig. Sommeren 2023 var det litt mindre aktivitet på sandvolleyballbanen ved ungdomskolen, men vi satser på godt vær, og både spilling og sosialt samvær der i 2024! Dette er en flott beliggende bane for volleyballinteresserte i Leikanger, som vi hvert år bruker dugnadstid for å holde ved like.



Bedriftsvolleyballturnering 2023



FOTBALL

Tine fotballskule 2023

Styret og valnemnda er valde av årsmøte. Leiar er medlem i Syril hovudstyret. Nestleiar er vara. Styret i Syril Fotball har hatt 11 styremøte, og handsama tradisjonelle styresaker. Styremedlemmane med fleire har delteke på diverse møter med kretsen, dei fleste på Teams. I tillegg har me delteke på kretsting, sonemøter, jentefotballsamling og andre tiltak i regi av krets.

Organisasjonen har fungert godt. Ca. 100 personar deltek i drift av fotballgruppa i form av ulike verv som mellom anna trenarar, lagleiarar, styreverv, speaker, anleggsansvarleg, materialforvaltar, dommarar med meir. I tillegg kjem foreldre og andre som stiller opp på dugnader i løpet av sesongen. Alle desse fortener stor takk og applaus for innsatsen dei gjer for barn og unge på Leikanger!

Fotballgruppa har mange nye frivillige kvart år. God struktur gjer det enklare å vere frivillig, gir grunnlag for god drift med god og sunn fotballaktivitet.

Det har vore mange lyspunkt i sesongen 2023. Me gjennomførte TINE fotballskule med over 100 deltakarar. Innsatsen vart belønna med årets Tine Fotballskule i Norge! Det var stor stas å bli peika ut som landets beste fotballskule. Det er ei stor anerkjenning til heile klubben, og

særleg til dei frivillige som legg ned stor innsats for å gjennomføre fotballskulen.

Vidare har me og vorte plukka ut som deltakarklubb i prosjektet «Jenter vil meir» i regi av Sparebanken Vest. Dette er eit flott tiltak som gir oss høve til å få til meir fokus på rekruttering og bevaring på jentesida, der ein ser større og større fråfall. Dette arbeidet har gitt oss både høve til fysiske samlingar, treningar og inspirasjon.

Som nemnt gjer svært mange ein fantastisk innsats for Syril fotball, men me ønskjer å trekke fram to namn. Siri Andresen er ein fantastisk ressurs for Syril fotball og heile fotballen i indre sogn. Ho stiller opp som supporter, speaker, journalist etc. Ho er uvurderleg for oss. Ho fekk fortent hyllest på fotballfesten i år. Ein anna er veteranen Nils Henjum. Elvelyen har vore på bana i alle år, og har også i år vore kyndig speaker på Syril stadion.

Slike ressursar lyt me ta vare på og setja pris på – Tusen takk!

MINIPUTT

I 2023 har miniputt stilt lag i følgende klassar: J/G 6, J/G 7, J/G 8 og J/G 9. I tillegg stilte J9 og G9 med lag i serie.

I alt 98 spelarar har vore i aksjon for miniputt i år, og totalt 28 personar har bidrege som lagleiarar og trenarar for ulike lag.

Dei fleste laga på miniputt starta opp med treningar i april. Treningane til miniputt har i år vore på alle kunstgrasbanene på Leikanger. Grasbana på nye stadion vart også tilgjengeleg ut på våren for dei som ville trenast der.

I høve treningar og innhald melder laga at det stort sett går greitt på treningane, og at dei har bra med trenarar. Det er positivt med mange trenarar for å unngå kø på øvingar. Nokre av gruppene er store slik at dei er sikra god kamptrening.

Syril har vore i sone med Bjørn, Luster, Sogndal, Norane, Vik og Balestrand som tidlegare. Det vart arrangert 2 turneringar i vår i Sogndal og Luster, og 2 turneringar i haust på Leikanger og i Balestrand. Miniputt-turneringa arrangert på heimebane gjekk veldig bra, med god innsats av lagleiarar, trenarar, foreldre og ikkje minst spelarane. Været kunne sjølvsagt ha vore litt betre.

Miniputtgruppa i år har hatt bestått av følgende personar:

Miniputtleiar: Sturle Rode Rio

Turneringsansvarleg: Anna Hamre

Sportsleg leiar: Frode Berge Alme

Utstyrsansvarleg: Kim Vidar Bakken

G10

Trenarar: Andreas Thue, Roar Midtun, Jomar Leirdal & Arek Lekki

Lagleiar: Tone Lemvik Røysum

Spelarar:

Abodi Almansour, Adrian Falkgjerdet Thue, Aksel Johan Loven, Aksel Lucas Thompson Steinsåker, Daniel Kitiashvili-Melås, Even Thue Wathne, Iver Berge Leirdal, Iver Næss Prøven, Jannik Hagenlund Steig, Johannes Røysum, Oliver Lekki & Webjørn Lunde Midtun. Aslak Ramung Husabø deltok på nokre av treningane våre mot slutten av året.

Sportslege aktivitetar:

Trening

Denne sesongen har vi lagt opp til to treningar i veka: Onsdagstrening (1 t 30 min) som har vore frivillig, torsdagstrening (1 t 30 min) som har vore obligatorisk.

Etter siste seriekamp i haust tok vi ein treningspause på om lag ein måned. Før jul fekk dei som ønska eit tilbod om innetrening i

Saften søndagar (1 t). Dette var eit samarbeid med J2013.

Kamp

Vi har spelt totalt 20 kampar denne sesongen mot Vik, Sogndal 1, Sogndal 2, Lærdal 2, Hafslo, Bjørn, og Kaupanger.

Cup

Vi deltok på Lerum-cup 23.-25. juni. Her spelte vi 5 kampar mot Sogndal, Langevåg gul, Førde, Hafslo og Minde Lightning. Dette var ein kjempekjekk oppleving der gutane møtte lag dei aldri har møtt før, og dei fekk smake på seirar, uavgjort og tap.

Sosiale aktivitetar

Laurdag 24. juni (under Lerum-cup) tok vi med gutane på OBOS-kamp der Sogndal møtte Fredrikstad. Det endte dessverre med tap til Sogndal, men vi hadde det veldig kjekt lell!

Høgderen av sosiale aktivitetar denne sesongen var nok når Sogndal fotball etterlyste ballhentarar og vi sendte ein førespurnad

J11

Trenarar: Jørgen Eikenes Dahle og Reimund Loven

Lagleiar: Helga Maj Myren

Spelarar: Eline, Ada, Nathalie, Tiril, Ingrid, Kristina, Astrid Olea, Astrid, Lilly og Tuva

Sportslege aktivitetar:

I år har me spelt serie mot Vik, Sogndal og Bjørn. Me har hatt 2 treningar i veka, der den eine var obligatorisk. Den obligatoriske treninga var samtidig som J12, og me har difor har trent litt saman med dei. Ting ein lærer på trening viser att i kamp, og dei har dermed oppnådd gode resultat gjennom sesongen. Nokre av jentene har spelt kampar for J12 når dei har hatt behov for det.

I juni deltok me på Vosscup. Alle hadde med seg føresette og me budde alle saman på Folkehøgskulen. Etter kampar, bading, shopping og andre opplevsar laurdagen var

og trakk det heldige loddet! Laurdag 23. september troppa vi opp på Fosshaugane Campus der Sogndal skulle møte Åsane i kamp. Gutane tok ballhentar-ansvaret på strak arm, noko vi trur gav meirsmak og som vi absolutt kan anbefale andre lag å melde interesse for!



det kjekt å avslutta dagen med Peppes pizza og smågodt. Resultatmessig gjekk det ikkje vår veg, men likevel ei fantastisk opplevelse på dei varmaste dagane i 2023.

I oktober deltok me på Kiwi Bama cup i Sognahallen. Resultatet på cupen gjekk ikkje heilt vår veg, men kjekt å delta! Mellom kampane våre rakk me sjå første omgang av fotballkampen til Sogndal FK damer.

Sosiale aktivitetar:

Blåtur: Tidleg i sesongen reiste me på blåtur. Jentene fekk ei pakkliste og beskjed om å møte opp på Saften. Første stopp var på Fosshaugane og sandvolleyballbana. Der var det litt aktivitetar og pizza. Etterpå reiste me ned på Fosshaugane campus og var balljenter på kampen til Sogndal FK damer. Me avslutta turen med is på Mixen.

I sommar deltok me i konkurranse om å vinne Draumedag som Sognekraft-konsernet skulle arrangere saman med Sogndal fotball.

Der nådde me ikkje heilt opp, men vann eit opplegg saman med Sogndal damer FK. Her fekk jentene testa kondisjonen og styrken sin i oppvarmingen til Sogndal FK damer. Deretter hadde ein av trenarane til Sogndalsjentene trening med oss på stadion. Kvelden vart avslutta med pizza saman med Sogndalsjentene, og jentene fekk utdelt kvar sin sekk med effektar frå Sognetett.

Etter at sesongen var ferdigspelt hadde me avslutning på Villmarka. Her var det duka for pizza, brus og quiz. Kjekk avslutning med ein herleg gjeng!

På tampen av 2023 reiste nokon av jentene til Bergen saman med J12 frå Syril og Sogndal for å sjå på Brann mot Lyon i Champions League. Fantastisk opplevelse å sjå på kamp og reise saman med Stao no pao bussen.

G12

Trenarar:

Frode Danielsen, Kenneth Lomås, Svein Helge Stensåker, Jon Amundsen og Borgtor Bøyum (halve sesongen)

Lagleiar:

Runa Aaland Eggum og Anders Yri.

Spelarar:

Alexander Danielsen, Christian Haugen, David Johansen, Elias Espe, Espen Oliver Stensåker, Even Tufte Henjum, Helge Aaland Eggum, Håvard Gjerland, Johannes Amundsen, Kevin Andre Mo, Lars Kleiven, Leon Gåserud, Lukas Christensen Birkeli, Oliver Buene Halveg, Per Theodor Bøyum, Sebastian Docando Eggum, Sondre Tveit Eggum, Tarjei Fykse Lomås, Ole Yri, Teodor Wilson Gjerde og Truls Pettersen

Sportslege aktivitetar:

For sesongen 2023 vart kulla 2011 (16 spelarar) og 2012 (6 spelarar) slått saman på grunn av det låge talet på gutar i 2012-årskullet. I vårsesongen vart det påmeldt eit 7-ar og eit 9-ar lag i 9-ar serien. På grunn av både trenar- og spelarkabal vart det frå hausten berre meldt opp eit 9-ar lag i haustserien. Resultatmessig var haustsesongen sterkare enn vårsesongen. Hausten baud på fleire jamne kampar, med både knepne seirar og knepne tap. Spelarantalet var litt for stort for eit lag, så det var rulling på spelarar som stod over enkelte kampar.

Gutane har delteke både på Voss cup i sommar og Kiwi Bama cup i haust, samt delteke på futsal. Det har vore godt treningsoppmøte gjennom heile sesongen. Det er ei treningsvillig og kjekk spelargruppe som har det kjekt i lag både på kampar og på cupar, og dei er ivrige å møtast på bana utanom organisert aktivitet. Tre spelarar har vore på sonelaget til Sogn. Spelargruppa har ikkje hatt fast hospiteringstilbod med laget over i eigen klubb, men enkelte spelarar har fått delteke på nokre kampar med smågut 13/14.

Sosiale aktivitetar:

For å få ein god start for den samanslåtte spelargruppa vart det arrangert «Mesternes mester» ved sesongoppstart. Dette var ein kjekk dag med inkluderande og artige konkurransar som vart avslutta med saft og pizzabollar. Vi stilte to lag ved Voss cup. Det var ei eiga foreldregruppe som jobba med organisering av cupen, ein stor takk til foreldregruppa for ein velorganisert cup. Det vart gjennomført ein del dugnader som gjorde til at deltakaravgifta vart dekkja av desse. Laget var innkvartert på Tvildemoen barnehage. Voss cup var eit sosialt høgdepunkt for gutane.

J12

Trenarar: Anny Mari B. Jørgensen, Frode B. Alme, Eivind Røysum

Lagleiar: Unni M. Havnen

Spelarar: Eirin V. Alme, Elida B. Jørgensen, Emmelin Røysum, Fatima Alammar, Jorunn Slinde, Julie H. Steig, Leah R. Randen, Sara Røysum og Linnea H. Borlaug

Me har også hatt veldig god hjelp frå J10 som ved behov har lånt oss spelarar til kampar.

Sportslege aktivitetar:

Me har spelt alle våre oppsatte seriekampar, og hatt både tap og seier.

Me har ikkje vore på cup i år.

Sosiale aktivitetar:

I juni tok trenarane jentene med og såg Sogndal sitt damelag spele kamp, og dei fekk vera balljenter. Etter kampen var det god

stemning og pizza på Pizzabakeren J. Som avslutning på sesongen laga trenarane og lagleiar til "Mesternes mester" for jentene med ulike morsomme øvingar. Stemninga var kjempegod, konkurranseinstinktet til jentene var på topp, samtidig som dei var veldig gode til å heia på kvarandre. Konkurransen blei avslutta med sjokolade-medalje utdeling og kake.

Oppsummering:

Me har ein fantastisk flott gjeng jenter, som har det veldig kjekt både på trening og kampar. Det er god stemning, og fair play. Jentene har hatt ein fin utvikling, og har hatt ein flott sesong. Me har nytta Syril-bussen ved eit par høve. Det har vore veldig kjekt med alle jentene samla i bussen og Syril-sangen på "full guffe" og repeat J Me er kjempeglade for at alle saman har lyst å vera med neste sesong også.

Trenarar: Rune Barsnes, Dag Andre Mo, Linda Fossberg

Lagleiar: Torill Felde

Spelarar:

Anniken Sofie Nornes, Anna Felde Hasund Emilie Fossberg, Emilie Tangen Mo, Evy Fossberg, Madeleine Holgersen, Lilly Fossberg, Malin Hagheim Barsnes, Tuva Helset Mathisen, Kaja Emeli Ohma, Amalie Holgersen, Ester Nilsson, Vilde Tufte Mardal, Amalie Buene Halveg

Vi har hatt med oss fire jenter frå Balestrand denne sesongen: Madeleine Holgersen, Amalie Holgersen, Kaja Emeli Ohma og Ester Nilsson. Desse jentene gjorde at vi vart mange nok spelarar til å delta med 9'ar-lag i årets serie. Laget vart kalla Syril/Balestrand, og vi spelte med gule drakter. Ein av heimekampane våre i vårsesongen vart spelt på Kreklingen stadion i Balestrand, resten av heimekampane vart spelte på kunstgrasbana her i bygda.

Sportsleige aktivitetar:

Treningar:

- To treningar kvar veke (1,5 t kvar onsdag og søndag)
- Ei av 2008-jentene har trena og spelt kampar med damelaget
- Nokre J2009 har delteke på G13/14-kampar når dei har hatt behov for fleire spelarar
- På vinterstid har mange av jentene delteke på futsal (trening 1-2 gongar i veka)
- Kampar:
- Seriekampar 9'ar på tysdagar
- Det vart spelt 16 seriekampar totalt, 6 i vårsesongen og 10 i haustsesongen
- Vi kom på 2. plass i vårsesongen, og 1.plass i haustsesongen
- Det vart i tillegg spelt ein treningskamp mot Høyanger før sesongstart i vår

KM Futsal:

Vi deltok på KM futsal i februar/mars med kampar her på Leikanger (kvalifisering) og på Sandane (sluttspel), også her med gode resultat. J14 fekk 1.plass, og J15 fekk 2.plass!

Laget som vann KM futsal J14: Sara, Anna, Amalie, Emilie, Vilde, Malin, Lilly og Evy. Rune og Linda var trenarar.

Deltaking på Norway cup i august:

Jentene spelte 7'ar i J13/J14-klassa, og kom på 1. plass! Dette var andre gong vi deltok på Norway cup, og det var veldig bra både resultatmessig og sosialt.

Vi overnatta på Haraldsheimen i lag med Syril sitt G14-lag.

Vi var nok til tider litt prega av at vi kom på 2. plass i fjor og hadde store forventningar til å kome langt i turneringa, men vi tok kamp for kamp. I finalen spelte vi mot eit lag frå Brasil, Sociedade Hípica Campinas, og vi vann 1-0 etter ekstraomgongar.

Vi hadde med oss 3 av jentene frå Balestrand, og dei var svært fornøygde med å vere med oss på Norway cup.

Sone- og kretsaktivitet (Enivest):

2009-kullet: Lilly Fossberg, Evy Fossberg, Malin Hagheim Barsnes var med i sonelagstroppen denne sesongen.

Sosiale aktivitetar:

Som avslutning på futsalsesongen reiste vi til Førde der vi bowla og var på Peppes pizza. Vi hadde og ei kjekk sesongavslutning der vi oppsummerte årets sesong og testa kunnskapane våre med kahoot m.m. Deretter var det hamburger og brus på Sognefjord hotel.

Oppsummering:

Det har vore nok ein flott sesong for jentene, med god innsats, godt humør og fotballglede! Det viser igjen i gode resultat i både seriespel og når vi deltek på turnering/cup. Alle spelarane har fått rikeleg med speletid på kamp i løpet av sesongen, og det heldigvis vore få/lite skader.

Den største utfordringa denne sesongen har vore treningskvardagen med (for) lita spelargruppe og dermed lite/ ingen mogelegheit for å spele 9'ar på treningane.

Jentene frå Balestrand har i hovudsak vore med på kampane.

Det er ei god breidde i troppen. Vi har mange målscorarar i løpet av sesongen, det er fleire som kan vere keeper og dei fleste spelarane kan spele i fleire posisjonar.

Vi har hatt Syrilbussen på dei fleste bortekampane, og det er veldig sosialt og ekstra kjekt å reise på kamp når vi har Syrilbussen. Takk til Rune som har stilt som sjåfør!



G 15/17

Trenarar:

Steinar Aaland Eggum, Jan Rune Mardal og Per Sindre Aaland

Lagleiar:

Anne Lise Breidvik og Astrid Asperanden Hauge

Spelarar:

Adrian Nornes, Ahmad Almansour, Aksel Aaland Eggum, Ammar Alammar, Arin Asperanden Navarsete, Bjørnar Aaland Eggum, Brede Villand Alme, Daniel Borlaug, Erlend Valvik Menes, Eivind Fosse Fidjestøl, Endre Njøs Verlo, Jonas Linde, Jonas Berge Jørgensen, Jørgen Humlestøl Njøs, Milian Asperanden Hauge, Nicolay Einarsen, Sondre Ramstad Os, Stian Strong Skårhaug, Trygve Flaten og Zein Alammar

Sportslege aktivitetar:

Gutelaget har stilt eit lag i 2.divisjon i 2023. Det var dei same laga som stilte i både vår- og haustsesongen. Det var sju lag i puljen med dobbel serie, så det vart berre 6 kampar både vår- og haustsesong. To spelarar har vore fast del av seniorlaget både på trening og kamp. Ein spelar har hatt trenings- og kamptilbod ved Sogndal nasjonal G15. To av spelarane våre fekk prøvd seg på trening med Sogndal nasjonal G17 på slutte av sesongen. Laget har gjort det resultatmessig godt i 2023, men

det har vore fleire tette kampar blant dei 3-4 øverste laga. I vårsesongen enda vi på 1.plass med eit tap mot Balestrand. I haustsesongen enda vi på 2.plass med eit tap mot Jotun 1.

Etter haustsesongen deltok laget på Førdecup som er ein innandørs fotballcup. Vi stilte eit lag i klasse G15/16 og eit i klasse G19. G15/16 gjorde det resultatmessig sterkast og tok seg til 8.dels finalen der dei vart slått ut av Vik. To spelarar frå G13/14 har hatt tilbod om hospitering på trening. Det har vore godt oppmøte på treningane heile sesongen.

Sosiale aktivitetar:

Laget hadde sommaravslutning med pøser og bading ved fjorden og avslutta sesongen med Førdecup. Laget har fått disponert Syril-bussen til både bortekampar og Førdecup, dette er ei gode som er viktig for samhald og det sosiale.

Oppsummering:

Gutelaget har vore ei stor og treningsvillig gruppe. Det har vore noko få kampar i løpet av sesongen men gutane har imponert med tidvis svært godt spel og gjort det resultatmessig sterkt i 2023. Utfordringa ein ser framover er å klare ein god overgang mellom gutefotballen og seniornivå.

SENIOR HERRE 5. DIV

Trenar: Kristian Knutsen Berg

Lagleiar: Liza Skogsrud

Sportslige aktivitetar:

Herrelaget enda til slutt på 7. plass i 5. divisjon etter ein god haustsesong. Det var ein varierende sesong, der vårsesongen var prega av dårlige treningsforhold på vårsesongen. På hausten breitta spelarane opp armene og leverte mange gode kampar. Det har vore fokus på sosiale tilsteningar, og årets fotballfest på Sognefjord Hotel var eit høgdepunkt. Alexander Slinde vart toppscorar og årets spelar.

Dugnader:

Den årlege blomsterdugnaden vart gjennomført i lag med damelaget. Nokre spelarar var instruktørar på Tine fotballskule.

Tabell for sesongen

	Lag	S	P
1	Dale	16	35
2	Hafslo/Bjørn/Fanaråk 1	16	34
3	Kaupanger	16	31
4	Årdal 2	16	27
5	Førde 3	16	27
6	Florø 2	16	22
7	Syril	16	19
8	Eikefjord	16	13
9	Sogndal 3/Fjøra 2	16	0
0 *	Selje	0	0

Sosiale aktivitetar:

Herre og- damelaget har hatt fleire aktivitetar i lag i løpet av sesongen. Tradisjonen tru var det felles avslutning med julemat i desember, denne gongen på Knausen.

SENIOR DAME 3. DIV

Trenar: Steinar Henjum

Lagleiar: Siri Beate England

Syril starta med 11år lag på vårsesongen og leverte gode kampar kvar gang, på tross av ein liten spelarstall. På hausten vart det for vanskeleg å gjennomføre 11ar så ein måtte melde på laget i 7ar serien i haustsesongen.

På hausten leverte ein mange knallgode kampar. Mellom anna 5-1 siger i Vik, 5-1 siger heime mot Jølster og ikkje minst slo ein Kaupanger/Sogndal 3-2 i årets siste og mest dramatiske lokaloppgjær.

Tabell for sesongen:

	Lag	S	P
1	Kaupanger/Sogndal	6	15
2	Syril	6	11
3	Vik	6	5
4	Jølster	6	2

Sesongen vart feira med fotballfest på Sognefjord Hotel. Årets spelar vart Live Holen, og Eline Henjum fekk velfortjent honnør for å ha delteke på flest treningar.

FRIIDRETT

Friidrettsgruppa hadde god aktivitet i 2023, med utetrening på Syril stadion frå mars til juni og frå august til desember. Høgdepunktet var kretsstemnet vi arrangerte laurdag 26. august med 105 deltakarar med påmeldte før og etter frist, i tillegg til eitt intern treningsstemne. Fleire av ungdommane deltok også på stemne rundt i Sogn og Fjordane.

Trening

Innetreninga i Saften frå januar til mars gjekk fint, og samla 14 aktive i alderen 10 – 15 år på 9 treningar. Vi trena mest på basis- og drilløvingar, løp, hopp og kast.

Utetreningane heldt fram som året før med treningar tysdag og torsdag, mot tidlegare berre onsdagar. Treningane starta i byrjinga av april og heldt på fram til 22. juni, med nokre avbrot for påskeferie og helgedagar.

Totalt hadde vi 18 treningar ute på våren og forsommaren. I august – desember hadde vi 28 treningar etter oppstart 8. august. Til saman notert vi 29 aktive i alderen 8 – 15 år på utetreningane.

Treningane var varierte, men med nokre felleselement i oppvarming, drill og tøying, før vi delte oss opp i fleire gruppe etter interesse og spesialisering.

For dei under 10 år hadde vi fleire treningar i 2023 enn i 2022. Det var treningar både måndag, tysdag, onsdag og torsdag, med fleire grupper enn før og samla om lag 74 ungar. Her var det meir fokus på lek, men alle fekk prøve seg i løp, hopp og kast. Kjekt å sjå så mykje aktivitet på bana både før og etter sommarferien!

Trenarar

Trenarar for dei minste har vore Stine Mundal Aase, Trond Gjerland, Anette Buvik Lunde, Hilde Vadheim, Solveig Tveit Eggum, Ida Røysum, Simen Bækken og Tom Nesvåg. Torgeir Urdahl og Jørn Gåsvær har hatt hovudansvaret for dei over 10 år på starten

av året, på fleire treningar assistert av Joakim Urdahl og Simen Bækken.

Andre halvår har Torgeir, Joakim og Simen halde fram, i tillegg til Torhild Brudvik og Mari Fykse på deler av treningane. Jørn Gåsvær ga seg etter første halvår. Gruppa takka Jørn for fleire år med engasjement som trenar og friidrettsleiar for Syril.

I 2023 hadde vi kun eitt treningsstemne, som var internt.

Etter evalueringa har friidrettsgruppa teke med seg nyttige erfaringar og ser fram til fleire arrangement på dette flott anlegget som Syril Stadion er blitt.

Konkurransar elles

Fleire deltok i konkurransar elles.

- Breimstafetten - mai
- Fridrettsturné i Sogndal -august
- KM, Førde - august
- Lerøy-leikane, Byrkjelo - september

På Breimstafetten deltok desse frå Syril: Christoffer Amundsen, Olav Brudvik Sunde, Lars Flatabø Kleiven, Nikolai Aase Haugen, Anders Brennsset Gjerland, Håvard Brennsset Gjerland, Tarjei Fykse Lomås og Sondre Tveit Eggum. Gutane vart nr. 6 av 9 i sin klasse og hadde tida 9.13.0.

På Lerøy-leikane – som er ein krinskamp for friidrettskrinsane frå Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Innlandet - var Anders Brennsset Gjerland, Sigrid Brudvik Sunde, Frida Fykse Lomås, Nikolai Aase Haugen og Anna Felde uttekne for å representere Sogn og Fjordane. Dei hadde ein flott innsats, og samla fleire poeng til Sogn og Fjordane.

Resultatet for 2023:

1. Hordaland
2. Rogaland
3. Sogn og Fjordane
4. Innlandet

Kretsstemne på stadion

I august arrangerte vi kretsstemne på Syril stadion. Laurdag 26. august hadde vi mange funksjonærar i aksjon, både foreldre, i tillegg til andre som stilte opp. Vi fekk i tillegg god hjelp frå Sogn og Fjordane Friidrettskrins både i førebuingane og undervegs på stemnet, med utlån og opplæring i elektronisk tidtakingssystem.

Med mange påmeldte før og etter frist, landa vi på 104 deltakarar frå Syril, Balestrand, Vik, Sogndal, Førde, Florø og Gaupne. Vi fekk gode tilbakemeldingar på at stemnet hadde mange øvingar for både yngre og eldre:

Øvingar: 60 m (10-14 år)
100 m (15 år og eldre)
400 m (13 og eldre)
600 m (10-12 år)
1500 m (13 år og eldre)
3000 m (15 år og eldre)

Lengde (10 år og eldre)
Høgde (10 år og eldre)

Liten ball (10-12 år)
Kule (13 år og eldre)
Spyd (13 år og eldre)

6-9 år:
60 meter, liten ball og lengde

Stadion

Trond Gjerland er baneansvarleg i friidrettsgruppa. Nye Syril Stadion var klar til bruk for friidretten i september 2021, og i 2023 kom lysmaster, gjerde og eit kastbur på plass, så vi har eit flott anlegg. Med lys har det blitt lett å halde på med ute-treningar utover hausten, og nokre av dei eldste var ivrige og heldt på med treningar heilt til starten av desember.

Dommarar

I 2023 har vi ikkje hatt nye dommarkurs. Året før hadde vi krinsdommarkurs med dommaransvarleg i friidrettskrinsen; Dagfinn Nyhammer. Og med dette fekk Syril to nye dommarar: Stine Mundal Aase og Kenneth Lomås. Torgeir Urdahl, som frå før var forbundsdommar, og Jørn Gåsvær tok kurset som oppdatering og repetisjon. I 2023 ga Jørn Gåsvær seg som leiar i friidrettsgruppa, og gruppa vil i det nye året vurdere fleire dommarkurs for nye friidrettsengasjerte.

Økonomi

Friidretten vart tildelt 40. 000 kr i 2023 i støtte frå Sparebankstiftelsen Sogn og Fjordane, for innkjøp av kastbur.

Vi tok inn ei mindre treningsavgift for inne-treningane på vinteren 2023. Kjeringi open-lotteriet vart ikkje sett i gang i 2023 på grunn av kapasitet etter å ha vore nede etter pandemi-tider. På stemnet i august tok vi inn startpengar, og hadde premiar til deltakarane.

For Syril friidrett
Torhild Brudvik
gruppeleiar

Resultat frå Breimstafetten Gutar

1. Sandane T&IL Lag 1: 8.24
2. Førde IL.: 8.43
3. Hyen IL: 9.04
4. Sandane T&IL Lag 2.: 9.08
5. Jølster IL.: 9.09
6. Syril IL.: 9.13
7. Fjellhug/Vereide IL: 9.37
8. Breimsbygda IL Lag 2.: 9.46
9. Breimsbygda IL Lag 1: 9.56



HANDBALL

Styret i Syril handball består av leiar, nestleiar, økonomiansvarleg, sportsleg leiar og sportsleg utval.

Det har blitt gjennomført 6 styremøter i løpet av 2023. I tillegg til oppstartsmøte med lagleiarar og lagvise foreldremøter.

Etter fleire sesongar prega av Covid-19, med dei utfordringar det innebar, har året 2023 endeleg fungert som normalt. Talet aktive spelarar har holdt seg stabilt tross varierende trenings- og kamptilbod i føregående år. Det er og gledeleg at Syril handball klarar å tilby eit aktivitetstilbod til årskulla på aldersbestemt nivå, frå dei yngste 6-åringane og oppover. Likevel merkar klubben eit visst fråfall oppover i årskulla. Løysinga vert ofte å slå saman kull, slik at ein dannar høvelege store treningsgrupper og at laga har tilstrekkeleg tal spelarar til å stille lag i kamp og seriespel. Totalt har Syril handball stilt lag i 12/11 (vår-/haustsesongen) ulike årsklassar på aldersbestemt nivå. I tillegg stiller klubben lag i den lokale 4. divisjon for Senior Dame.

Hausten 2023 vart Avkast arrangert, for tredje året på rad. Arrangementet vart ein flott og inspirerende oppstart på sesongen 2022/23.

Me er heldige som har gode støttespelarar som bidreg til at Avkast-arrangementet no kan seiest å ha blitt ein tradisjon, og Syril handball tek sikte på at dette held fram i åra som kjem.

I løpet av hausten har Syril handball også teke eit stort løft på dommarsida i klubben. Føregående sesong var me heldige som fekk fram ei stor gruppe nye unge dommarar. 6 av desse tok Dommar-1 kurs starten av sesongen. I tillegg har me ei fått endå fleire nye dommarar som har teke Banedommarkurs i løpet av hausten. Totalt har Syril handball no 20 aktive dommarar i klubben.

Takk til alle som stiller opp for at Syril handball skal kunne tilby eit godt aktivitetstilbod både sportsleg og sosialt. Til alle trenarar og lagleiarar som stiller på kamp og trening kvar veke. Til alle dei som bidreg under arrangementa våre. Anten det er i kiosken, som speaker eller sekretariatet, og stiller som vakt eller bakar kaker. Til slutt ein stor takk til dei gode samarbeidspartnarane våre for deira bidrag til Syril handball!

DOMMARAR - HANDBALL

Dommarkontaktar 2023

Hilde Instefjord og Linda Føleide Skinlo (vårsesongen)
Beate Humlestøl Njøs og Linda Føleide Skinlo (haustsesongen)

Barnekampliarar- (Nivå 11 dommar)

Malin Hagheim Barsnes, Guro Instefjord Brekken, Emily Espe Fredheim, Celina Fredriksen Fimreite, Evy Mathilde Fossberg, Lilly Madelen Fossberg, Maja Rydningen Hamre, Anna Felde Hasund, Nikolai Aase Haugen, Ingrid Ølmheim Husum, Tuva Helset Mathisen, Markus Føleide Skinlo, Emilie Myren Sæterbø.

Dommar 1 - (Nivå 10)

Emilie Havnen Borlaug, Carina Norum Husabø, Anniken Sofie Nornes, Mari Føleide Skinlo, Tor-Einar Holvik Skinlo, Emile Sørnum

Syril handball har fått eit stort løft på dommarsida dei siste to sesongane. Det har i lang tid vore, og er framleis stor dommarmangel i Region Vest. Hausten 2023 har klubben utdanna 6 dommarar som har teke dommar 1 kurs, og 10 nye barnekampliarar. Dei fleste av dommarane våre har fått dømme kampar opp til og med 14-årsklassen.

Klubben har og eit tett og godt samarbeid med Sogndal på dommarsida. Dei unge dommarane våre får tett og god oppfølging under kamp, noko som bidreg til tryggleik, meistring og læring.

Klubben ønskjer å halde fram det gode arbeidet på dommarsida.

J6/G6

Jentene og gutane i 2017-kullet bestemte seg hausten 2023 for å ha felles treningar, for handballen/barneidretten. Med då samarbeid mellom trenarar og foreldrekontaktar frå jentene og gutane. Oppstart for første handball/ barneidrettstrening var første tysdagen etter haustferien. Sidan då har det vore vekentlege treningar. Som hjelp til trenerane har det blitt sett opp rulleringslister blant føresette, noko som har fungert fint.

Jentene har ikkje delteke på turneringar, men ser fram til dette hausten 2024. Medan gutane har delteke på fleire turneringar både før og etter jul sesongen 2023/24. Felles handball/ barneidrettstreningar har vore veldig vellykka. Godt oppmøte og god stemning blant ungane.

G7

Trenarar: Solrun Njøs, Elianne Eggum

Lagleiar: Idunn Brenno

Spelarar: Amund Olai, Brage, Hugo, Nicolai, Ole Magnus, Sverre

Me er vorte færre enn i fjor, men me er ein ivrig gjeng der alle bidreg etter beste evne.

Me starta å trene etter haustferien, og har vore med på to turneringar. På turneringa på heimebane fekk me høyre at me kastar hardt og spelar så bra at me like godt kunne spelt mot dei som er eitt år eldre.

Det kjekkaste er å spele kampar, så me satsar på å få med oss eit par turneringar til før me gir oss for sesongen.

G8

Vårsesong:

Trenarar: Lina Lunde Christiansen, Anne Brennset Gjerland
Cecilie Dreyer Sørensen, Hilde Berge Leirdal

Lagleiar/hjelpetrenar: Elisabeth Fjøsne Ese

20 spelarar

Haustsesong:

Trenarar: Lina Lunde Christiansen, Anne Brennset Gjerland, Cecilie Dreyer Sørensen

Lagleiar: Karoline Kalstad

18 spelarar

Turneringar vi deltok på i 2023:

Januar - Gaupne
Mars - Sogndal
Oktober - Leikanger
November - Aurland
Desember - Vik

Vi deltok med 3 lag på alle turneringane vi var med på. Vi har hatt ei trening i veka utanom dei vekene vi har hatt barneidrett.

J9 (F. 2014)

Vårsesongen 2023

Trenarar: Heidi Ravnestad, Marianne Røysum, Kine Borlaug

Lagleiar: Une Bremer

Spelarar: Anna, Anna Liv, Anne Lise, Johanne Emilie, Linnea, Maya, Nora R.S, Nora V.H, Tuva, Vilja, Ylva, Jenny. (12 spelarar)

Trening på tysdagar. Kvar 4. gang har det vore barneidrett. Deltok på tre turneringar; Gaupne, Årdalstangen og Sogndal.

Haustsesongen 2023

Trenarar: Marianne Røysum, Kine Borlaug, Marianne Y. Sætre, Hanne Brekken Oppedal

Lagleiar: Heidi Ravnestad

Spelarar: Anna, Anna Liv, Anne Lise, Embla, Isabelle, Jenny, Johanne Emilie, Linnea, Maya, Nora R.S, Nora V.H, Synne, Tuva. (13 spelarar)

Frå hausten har vi hatt treningar kvar torsdag. Vi mista nokre spelarar etter vårsesongen, men to jenter frå 2013 har trent og spelt med oss, det har vore kjekt. To jenter frå Norane har også blitt eit positivt tilskot til laget. Denne hausten har vi hatt med oss eit godt trenarteam, og vi tok steget over til 5'ar handball (kortbane). Det betyr større bane og lengre omgangar. Kampane blir avvikla med serierundar på faste helgar. J9 spelte tre serierundar før jul, det var ikkje så mange lag i serien, men vi har hatt kjekke turar og kampar rundt om i indre Sogn.

me slo oss saman frå hausten 2023. Me har hatt fellestreningar kvar tysdag.

Det har ikkje vore eigne økter med barneidrett då ingen av foreldra har meldt seg til å ta ansvar for dette, men me har hatt mykje balleik som ein del av handballtreningane.

I haustsesongen deltok me på 3 turneringar i Leikanger, Vik og Aurland. Dette var første gong jente 7 deltok på turnering, og det gjekk veldig fint.

J8 (F. 2016/2015)

Trenarar: Cecilie Njøs Høgheim og Marianne Steinsøy

Lagleiar: Agnethe Wathne

Spelarar: Alida, Frida R, Frida K, Mila, Nathia og Tiril (2015)
Amelia, Ariel, Eira, Hedda, Linnea, Selja, Thea og Tone (2016)

Jente 7 og jente 8 har sidan 2022 hatt noko treningstid i fellesskap, og det vart bestemt at

G9 (F. 2014)

Vårsesongen 2023

Trenarar: Siv Jane Mardal, Tom Nesvåg, Erlend Røysum

Lagleiar: Hege-Lill Reksnes

Spelarar: Adrian Tufte Mardal, Robin Reksnes Randen, Edvard Hillestad Rinde, Lars Johan Jørstad Røysum, Olav Andreas Njøs, Olav Skinlo, Elias Engan Nesvåg, Eirik Vadheim Henjum, Trym Røthe Henjum, Liam Borlaug

Haustsesongen 2023

Trenarar: Siv Jane Tufte Mardal, Tom Nesvåg

Lagleiar: Kristin Hillestad

Spelarar: Adrian Tufte Mardal, Robin Reksnes Randen, Edvard Hillestad Rinde, Olav Andreas Njøs, Olav Skinlo, Elias Engan Nesvåg, Eirik Vadheim Henjum, Trym Røthe Henjum, Liam Borlaug

Trening mandagar. Gutane begynte med seriespel denne sesongen. Kun Sogndal som motstandarar, hadde 3 kampdagar mot dei. Mot slutten av haustsesongen blei G9 og G10 slått saman og har spel opp i G10 serien. Spelte første kampane saman mot Sogndal i Saften, første laurdag i desember.

J10 (F. 2012/2013)

Vårsesongen 2023

Trenarar: Ivar Husum, Birte Andersen Røysum og Siri Beate England

Lagleiar: Helga Maj Myren

Spelarar: Ada, Alise, Astrid, Isabell, Jeanette, Kristina, Lilly, Malak, Nathalie, Selma, Synne, Tiril, Tuva.

G10 (F. 2013)

Vårsesongen 2023

Trenarar: Anniken Sofie Nornes, Carina Husabø

Lagleiar: Tone Lemvik Røysum

Spelarar: Alexander, Abodi, Adrian, Aksel Johan, Aksel Lucas, Aslak, Daniel, Even, Iver N.P., Iver B.L., Johannes, Oliver, Webjørn

Vi har hatt treningar kvar onsdag med rulleringsplan på foreldreansvar under treningane. To foreldre har vore tilstades på parketten under kvar trening for å vere til støtte for ungdomstrenarane. Dette har fungert veldig fint.

I løpet av sesongen har gutane delteke på to turneringar, i Årdal og Gaupne.

Haustsesong 2023

Trenarar: Siv Jane Mardal

Lagleiar: Agnethe Wathne

Spelarar: Abodi, Adrian, Aksel Lucas, Aslak, Daniel, Even, Oliver, Webjørn

Vi har gått saman med G9 (2014) denne sesongen, der me har hatt felles treningar på måndag og onsdag. For G10 har vi hatt rulleringsplan på foreldreansvar på parketten, for å vere til støtte for trenar ved behov (hjelp til med å hente utstyr, montere mål og liknande). Dette har fungert veldig fint. I løpet av sesongen har gutane delteke på to turneringar, i Årdal og på Leikanger.

J12 (F. 2011/2012)

Vårsesongen 2023

Trenarar: Hege-Lill Reksnes, Birte A. Røysum

Lagleiar: Tone L. Røysum

Spelarar: Elida, Eili, Eirin, Emmelin, Fatima, Julie, Leah, Linnea, Sara, Tora, Åsa

Denne vårsesongen har vi hatt trening èin dag i veka saman med J12(f. 2010). Vi spelte totalt 5 kampar denne sesongen mot Jotun, Sogndal 2, Eikefjord 2 og Stryn. I tillegg var nokre av jentene våre med J12(f. 2010) på kampar. Alt i alt var dette ein kjekk sesong med god innsats av jentene på trening og i kamp. Trenar Hege-Lill opna heimen sin for oss når vi hadde avslutning av sesongen. Vi kosa oss med god mat og god stemning.

Hautsesongen 2023

Trenarar: Hege-Lill Reksnes, Birte A. Røysum

Lagleiar: Tone L. Røysum

Spelarar: Astrid, Eili, Eirin, Emmelin, Fatima, Julie, Leah, Linnea, Sara, Tora, Åsa

Denne haustsesongen har vi hatt to treningar veka, tysdagar og torsdagar. For at jentene i kullet under oss skulle få eit tilbod sa vi oss positive til eit samarbeid, og vi fekk med oss èin spelar frå 2012 på trening og kamp. Vi har spelt totalt 8 kampar mot følgande motstandarlag: Sandane, Sogndal, Sogndal 2, Eid, Stryn og Jotun. For å unngå at for mange helger gjekk med til kampar avtalte vi med Sogndal å spele alle kampane våre i treningstid, noko som har fungert godt. Vi legg bak oss to kjekke sesongar saman med nokre flotte, dyktige jenter. Vi gler oss til fortsetjinga!



G13 (F. 2010/2011)

Vårsesongen 2023

Trenarar: Mari Fykse, Solrun Njøs Amundsen, Stine Mundal Aase, Anne Brennset Gjerland

Lagleiar: Stine Mundal Aase

Spelarar: Espen Oliver Thompson Steinsåker, Johannes Njøs Amundsen, Tarjei Fykse Lomås, Håvard Brennset Gjerland, Oliver Buene Halveg, Lukas Birkeli, Aron Orrestad, Jonathan Moberg, Lucas Nornes, Ragnar Valvik, Sindre Fidjestøl, Nikolai Aase Haugen, Endre Lunde Risøen, Markus Føleide Skinlo

Sportslege aktivitetar

Gutane hadde trening to dagar i veka. Det var godt oppmøte på trening. Spelarane gir uttrykk for at det er moro å spele handball og det er stort engasjement. Då det var mange spelarar med vart det stilt med to lag. Det gav mykje speletid til alle spelarane. Dei spelte blant anna kampar mot Sogndal, Stryn og Sandane. Dei både vann og tapte kampar.

Sosiale aktivitetar

Det vart arrangert pizzakveld med fifaturnering, noko gutane syns var veldig kjekt. Det var også stor suksess med kamp mot fedrene på slutten av sesongen. I slutten av april reiste 12 av gutane på Glasscup i Drammen. Her spelte dei 4 kampar. Mest tap, men også ein seier. Veldig sosialt og kjekt å reise på tur i lag. Eit høgdepunkt utanom kampane var nok å reise i trampolinepark i lag. Kjekk gjeng å reise på tur med.

J12 (FØDD 2010)

Vårsesongen 2023

Trenarar: Birte A. Røysum og Hege Lill Reksnes

Lagleiar: Kari Ann Norum

Spelarar: Emilie, Sarah, Sara, Maria, Guro, Sigrid, Isa og Oline.

Hautsesongen 2023

Trenarar: Mari Fykse, Stine Mundal Aase

Lagleiar: Anne Brennset Gjerland, Solrun Njøs Amundsen

Spelarar: Espen Oliver Thompson Steinsåker, Johannes Njøs Amundsen, Tarjei Fykse Lomås, Håvard Brennset Gjerland, Oliver Buene Halveg, Lukas Birkeli, Aron Orrestad, Jonathan Moberg, Lucas Nornes, Ragnar Valvik, Sindre Fidjestøl, Nikolai Aase Haugen, Endre Lunde Risøen, Markus Føleide Skinlo, Kevin Andre Mo, Leon Gåserud.

Sportslege aktivitetar

Denne sesongen er det gutar 13 og dei spelar no med 7 spelarar på bana. Det er også fyrste sesongen med seriespel. Gutane har hatt to treningar i veka. Det har vore godt oppmøte på trening. Gutane viser stort engasjement og er flinke til å ta imot tilbakemeldingar. Også denne sesongen har vi valt å stille med to lag for å få mykje speletid for alle. I serien spelar dei mot Sandane, Bremanger, Eikefjord, Florø og Åheim. Stryn trekte laget sitt etter halve sesongen. Sogndal, Jølster og Eid trekte laga rett før sesongstart. Til nyttår ligg Syril 1 på 3. plass og Syril 2 på 4. plass i serien.

Sosiale aktivitetar

I haust har gutane og foreldra vore ivrige på dugnad. Ein har derfor fått inn ein heil del pengar som er med å dekke tur på cup. Vi har no planlagt å reise på Nordfjord cup og Storhamar cup til våren. To helgar har vi reist på overnattingstur då vi har hatt bortekampar både laurdag og søndag. Vi har då vore heldig å fått overnatte hos familie av nokre av spelarane. Dette har både spelarane og dei vaksne syns vore veldig kjekt! I tillegg til å spele kampar har dei då blant anna vore på bowling og spelt brettspel. Siste trening før jul vart det arrangert kamp mot foreldra. Dette var som alltid veldig moro.

J14 (f. 2009/2010)

Trenar: Siv Jane Tufte Mardal
Hjelpetrenar: Anja Menes Helset, Mathias Fossberg.

Lagleiar: Marita Hagheim

Spelarar: Kine, Malin, Evy, Lilly, Emilie, Anna, Sandra, Tuva, Emily, Maja, Emilie, Andrea, Celina.

Vårsesongen vart spelarar f.2009 meldt på i serien over (J14) saman med 4 spelarar f.2008. To treningar i veka. Nokre har hospitert opp til J16 treningar og kampar. Spelte serie med lag frå heile Sogn og Fjordane.

Haustesongen 2023 (J14, f. 2009/10)

Trenar: Linda Fossberg
Hjelpetrenar: Mari Føleide Skinlo, Carina Norum Husabø

Lagleiar: Espen Sæterbø

Spelarar: Malin, Evy, Lilly, Emilie, Anna, Sandra, Tuva, Emily (2009)
 Oline, Sarah og Sara (2010)

To treningar i veka. Nokre har hospitert opp til J16 treningar og kampar. Spelte serie med lag frå heile Sogn og Fjordane i J14, i alt 11 seriekampar i løpet av haustsesongen.

J16

Vårsesongen 2023

Trenar: Tor-Einar Holvik Skinlo

Lagleiar: Linda Føleide Skinlo

Spelarar: Mari, Carina, Anniken Sofie, Emilie B, Ingrid, Emilie S, Åsne, Janne, Elise Karine, Kathlen.

To treningar i veka der vi hadde med oss spelarar frå J14 på hospitering. Spelarane møter sterk motstand i kamp, grunna at laga vi møter består av stort sett 16 åringar, medan vi stiller med 14 og 15 åringar. I april reiste vi på Drammen cup saman med G13. Å reise på cup, er ei flott avslutning på sesongen. Alle spelarane melder at dei vert med til neste sesong.

Vårsesongen 2023

Trenar: Tor-Einar Holvik Skinlo

Lagleiar: Linda Føleide Skinlo

Spelarar: Mari, Maja, Carina, Anniken Sofie, Andrea, Emilie B, Celina, Emilie M, Ingrid, Emilie S, Åsne, Janne, Elise Karine, Kathlen og Vilde.

To treningar i veka. Spelarar frå J14 hospiterer opp på trening og kamp. Fleire av våre spelarar trenar saman med damelaget. Sidan sesongen fyrste kamp var heimekamp, arrangerte me spelarmøte og frukost hjå trenaren før kamp. Det var ein fin oppstart der me diskuterte sesongen, forventingar og planla cup.

Haustesongen 2023

Haustesongen har vore god med jamne kampar, ivrige spelarar, mange seierar og god stemning i spelarstallen. I desember hadde me sosiale samlingar der me såg landslagskampane saman. Sosialt og kjekt.

SENIOR DAME (K4)



Trenarar: Janne Njøs, Mari Fykse, Pia Hickman

Lagleiarar: Inger-Lise Knudsen, Christel Grepstad Fredriksen, Pia Hickman

Syrildamene fortsette den gode flyten dei var i første del av sesongen. Dei hamna til slutt på ein flott 3.plass på tabellen, bak Sogndal og Florø sine førstelag. I løpet av heile sesongen spelte dei 18 kampar, og vant 11 av desse. Laget var i pulje med Sogndal 1 og 2, Jotun, Stryn, Florø 1 og 2, Eid, Førde 2, Aurland

Desse spelte kampar for Syril sitt seniorlag våren 2023:

Amalie Dimmen Henjum, Anja Hickman, Enya Heggstad, Gunvor Hamre Nornes, Ingeborg Knudsen Berg, Janne Njøs, Kari Gjengedal, Kristine Linde Røyseth, Kristine Hovland, Kristin Fredheim, Andrea Krosshaug Kvam, Anne England Husum, Maria Saltnes Slinde, Marte Linde Røyseth, Sarah Røysum, Synne Lomheim Tang, Eili Ellingsen, Beate Humlestøl Njøs og Pia Hickman.

I løpet av sommaren var det fleire spelarar som flytte vekk for å studere, og nokon skulle vidare i militæret. Det var derfor noko usikkerheit kring stallen ved oppstart. Det vart avholdt møte for å sjekke interesse og fleire spelarar jobba aktivt med å få tak i fleire medspelarar. Etter ein litt treg start kom det etter kvart fleire på trening. Det kom og på plass hospiteringsordningar frå

J16, som gjorde at ein vart mange nok til å ha gode speløktar. Resultatmessig vart ikkje første del av sesongen heilt som ynskja, og damene enda med ein seier på 8 kampar.

Laga i Syril si pulje: Førde/ Dale 2, Jotun, Eid, Florø 2, Sogndal 1 og 2, Florø 2, Stryn, Sogndal og Gloppen.

Bjørn Harald Røyseth og Eva Fosshagen har stilt opp som sjåfør, slik at laget kunne nytte Syrilbussen til bortekampar i Førde, Florø, Eid og Stryn.

Desse spelarane har vore med: Andrea Krosshaug Kvam, Marte Linde Røyseth, Ingeborg Knudsen Berg, Kari Gjengedal, Sarah Grepstad Røysum, Enya Heggstad, Kristine Linde Røyseth, Eili Ellingsen, Siv Hickman, Janne Humlestøl Njøs, Heidi Askestad, Gunvor Hamre Nornes, Synnøve Fosshagen, Karoline Hamre Ølnes, Celine Hyldmo, Malin Thorsnes, Anja Hickman og Pia Hickman.

Desse har hospitert frå J16: Mari Skinlo, Carina Norum Husabø, Anniken Sofie Nornes, Emilie Borlaug, Ingrid Husum, Kathlen Fossberg og Åsne Gjengedal.

Takk til alle som stiller opp for å arrangere heimekampane, både i sekretariat, som speaker, i kiosk / billettsal + foreldre/spelarar som bakar.

ÅRSREGNESKAP FOR SYRIL 2023

Dato fra til: -
Regnskapsår: 2023
Periode: 1 - 7

Resultatsammendrag

for
Syril Idrettslag

Sidenr: 1

	2023	2022
Salgsinntekt	1 230 721	1 020 621
Annen driftsinntekt	1 985 303	2 884 578
Sum driftsinntekter	3 216 024	3 905 199
Varekostnader	389 682	253 217
Lønnskostnader	60 000	178 157
Avskrivninger	337 005	390 078
Andre driftskostnader	2 311 268	1 520 407
Driftsresultat	118 069	1 563 340
Annen renteinntekt	3 048	1 239
Annen rentekostnad	132 444	174 079
Ordinært resultat før skattekostnad	-11 327	1 390 500
Ordinært resultat	-11 327	1 390 500
Arsresultat	-11 327	1 390 500

REVISORMELDING

Idrettslaget Syril – revisjon av rekneskapen for 2023

Me har revidert årsrekneskapet for Syril som viser eit underskot på kr 11 327. Årsrekneskapen består av balanse pr 31. desember 2023, resultatrekneskap for rekneskapsåret og noteopplysingar. I samband med revisjonen har me føreteke ein gjennomgang av hovudbok med bilag pr 31.12.2023. Vår gjennomgang omfattar ikkje kontroll av alle bilag, men er avgrensa til postar og område som er viktige for å vurdere den interne kontrollen i organisasjonen. Me har og vurdert interne rutinar, avtaleverk, rekneskapsprinsipp og generell kvalitet på bilaga, samt rekneskapsføringa av dei.

Ein er klar over at terskelen for dokumentering nødvendigvis er lågare i eit idrettslag enn til dømes i eit aksjeselskap. Våre stikkprøver av dokumentasjonen av inntektene og kostnadene viser tilfredsstillande kvalitet.

Anna:

Ein har hatt nokre mindre merknader til oppfølging som ein har teke opp med rekneskapsførar, men som ikkje påverkar vår konklusjon. Ein minner også på generelt grunnlag om at ein passer på at all kostnadsføring i rekneskapen konsekvent skjer på grunnlag av faktura eller kjøpsdokumentasjon og at denne dokumentasjonen stettar formelle standarder. Alle kjøpsbilag bør attesterast/signerast.

Konklusjon:

Me meiner at rekneskapen framstår som ryddig og i det alt vesentlege er i samsvar med rekneskapsgrunnlaget.

Leikanger 18.03.2024


Tony Borlaug


Udvin Einar Skarsbø

NOTER 2023

Resultat pr. avdeling	2023	2022	2021	2020
Fotball	130 584	-23 560	35 842	25 204
Handball	-18 546	7 688	111 452	95 078
Ski	56 184	37 977	14 675	14 056
Symjegruppa	0	300	5 200	5 700
Friidrett	-8 644	-14 500	19 768	5 158
Trim	-3 221	7 299	-120	763
Styret*	-386 164	1 336 460	354 177	777 302
Skihytta	43 286	21 504	3 755	-1 111
Kjerringi Open	68 169	-13 949	-4 839	88 721
Volleyball	-5 203	1 487	-1 732	-2 226
Innebandy	6 326	-6 326	-3 232	-3 077
Telemark	-44 388	36 121	7 266	-5 576
	-161 618	1 390 500	542 212	999 991
	*			
	109 058	Resultat styret før avskrivningar		
	495 222	Avskrivningar		
	-386 164	Korrigert resultat		

